



Idrettslaget mottar naturleg nok mest i Grasrotmidlar.

Sidan ordninga med Grasrotandelen frå Norsk Tipping starta 1.januar 2009, har lag i bygda fått tilført over 335.000 kroner frå denne ordninga. Dette er verdfull støtte til laga, og det viser at det er viktig at absolutt alle som spelar på Norsk Tipping registrerer seg som grasrotgjevarar. Det fine er at ordninga kostar ikkje gjevarane fem flate øre.

Det er naturleg nok idrettslaget som har mottatt største summen. Sidan januar 2009 har dei motteke i overkant av 160.000 kroner. Dei har no 112 grasrotgjevarar. Skulemusikken er ein god nummer to på lista. Dei har no 75 grasrotgjevarar og har motteke i overkant av 91.000 kroner sidan ordninga starta. Idrettslaget ligg no på ei årleg støtte på knappe 55.000 medan skulemusikken ligg på i overkant av 23.000 kroner.

Begge laga har hatt auke i utviklinga, og det har også dei andre Uskedals-laga. Oversikten frå dei 8 første månadene viser at laga her i bygda har motteke følgjande i Grasrotmidlar til no i år:

Uskedal idrettslag: 35.108,36 kr frå 112 gjevarar.

Uskedal skulemusikk: 15.687,53 kr frå 75 gjevarar.

Røysterett for alle: 8.744,70 kr frå 25 gjevarar.

Uskedal Helselag: 5.256,46 kr frå 31 gjevarar.

Uskedal Ungdomslag: 3.353,15 kr frå 16 gjevarar.

Uskedal Utvikling: 180,- kr frå 1 gjevar. Uskedal Utvikling er registrert for kort tid sidan.

Som ein ser er svært mange uskedelinger registrert som grasrot-støttespelarar. På den måten gjev dei ei kjærkomen støtte til lag i bygda.

Av: Thor Inge Døssland.